



Oslo, 28.03.2011
Vår ref: 423.75/HMF
Deres ref: 11/810 JP

Innspill til revidering av strategi for bærekraftig utvikling

Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) takker for muligheten til å komme med innspill til arbeidet med revidering av strategi for bærekraftig utvikling.

LNUs utgangspunkt

I regjeringens nasjonale satsing på bærekraftig utvikling er det spesielt fokusområdene for *internasjonalt samarbeid for bærekraftig utvikling og bekjempelse av fattigdom, og styrking av bærekraftig økonomisk og sosial utvikling* LNU ønsker å gi innspill til.

For å gi en helhetlig og hensiktsmessig miljø- og samfunnsutvikling må barn og unges rettigheter ivaretas, og barn og unge må få delta som endringsaktører, og ikke bare som en målgruppe, i arbeidet for en bærekraftig utvikling. Miljø- og bærekraftig utvikling angår i aller høyeste grad barn og unge og deres rett til å påvirke og medvirke i egen hverdag.

Bærekraftig utvikling og barn og unge

Barn og ungdom verden over er bevisst sitt eget ansvar for fremtiden. De kjenner best sin egen livssituasjon, og har kunnskap og viktige innspill til hva som må til for å sikre en bærekraftig fremtid. Ungdom kommuniserer dessuten best med ungdom, det er derfor avgjørende at ungdom får delta aktivt i arbeidet med å forebygge ytterligere klima- og miljøendringer. Barn og unge er viktige aktører her og nå, og det er også de som skal bli ledere i en fremtid hvor miljø, klima og utvikling trolig skaper enda større utfordringer for samfunn verden over – derfor blir det viktig at barn og unge blir involvert som aktører, både med tanke på holdninger og handling til beste for miljøet.

Ungt engasjement er en nøkkel til holdningsendring og spredning av kunnskap, dermed blir dette et viktig element i et miljørettet utviklingsarbeid. Barne- og ungdomsorganisasjoner kan videre være sentrale i å holde myndigheter ansvarlig for sine klimaløfter og gi folkelig legitimitet til nødvendige endringer. Støtte til barne- og ungdomsorganisasjoners nasjonale og internasjonale arbeid på mellommannet ikke-formell læring og samarbeid med organisasjoner i det globale Sør og i Sør-Sør samarbeid må få anerkjennelse som en viktig del av en bærekraftig utvikling. Lokale og internasjonale barne- og ungdomsorganisasjoner er dyktige aktører på formidling og gjensidig læring med hensyn både på miljøspørsmål og demokrati.

God utdanning både på lavere og høyere nivå, i lavinntektsland så vel som i mellom – og høyinntektsland, er et annet nøkkelverktøy for å klare en tilpasning som kan redusere sårbarhet i økosystem og samfunn grunnet klima- og miljørelaterte utfordringer. Det er derfor viktig at regjeringen satser på kvalitetsutdanning og forskning som en viktig del av satsingen på bærekraftig utvikling, bekjempelse av fattigdom, og bekjempelse av sosial og

økonomisk ulikhet. Norge bør i langt større grad vektlegge utdanning som avgjørende i arbeidet for å oppnå klimamål i internasjonalt samarbeid og forhandlinger.

For å gjennomføre de tiltakene og holdningsendringene som er nødvendig for en bærekraftig samfunnsutvikling er man avhengig av nye tenkemåter. Gode kanaler for informasjon og påvirkning, i tillegg til tidlig involvering av barn og unge må til om man skal lykkes i å skape en grønn økonomi eller lavslippsamfunn.

Gode eksempler og metoder

LNU vil vise til vår medlemsorganisasjon SAIH, som gjennom deres samarbeid med en partnerorganisasjon i Nicaragua fremmer formell utdanning og ungt lederskap for minoriteter ved en skogbruksskole på den karibiske-kysten. Gjennom utdanning fokusert på bærekraftig skogsbruk og jordbruk, som blir videreført gjennom en praksisperiode lokalsamfunnet, fungerer initiativet som en katalysator for læring om bærekraftig ressursbruk i lokalsamfunnet der den yngre generasjonen tar ansvar og viser hvordan en bærekraftig hverdag er mulig. Dette er en form for "best practise" som norske myndigheter kan se til når en arbeider med indikatorer og verktøy for varig effekt av investeringer.

LNU vil også vise til vår egen rapport "*Meir enn fine ord*" fra 2010, som viser hvordan en kan og bør engasjere og inkludere ungdom, spesielt i Sør, for å sikre en stabil og demokratisk utvikling på mellom annet innen miljø- og utviklingsspørsmål. Denne rapporten er lagt ved.

*Med hensyn til hensiktsmessig fremstilling
av spørsmål tilknyttet bærekraftig utvikling ber LNU om at regjeringen:*

- Bevisst arbeider for og etterlyser at barn og unge blir involvert og hørt i miljørettede utviklingsprosjekt, mellom annet gjennom samarbeid med lokale miljø- og utviklingsorganisasjoner i det sivile samfunn .
- Sørger for at deltakelse fra lokalt sivilsamfunn og ungdomsorganisasjoner blir sett på som en indikator for demokratisk og lokalt eierskap
- Sørger for at utdanning på alle nivå blir et bevisst verktøy i kampen for en bærekraftig utvikling, og en indikator som kan sørge for grasrots-engasjement og forståelse for bærekraftig utvikling.
- Sørger for å iverksette UNFCCCs artikkel 6 under Klimakonvensjonen i arbeidet for en bærekraftig utvikling. Artikkel 6 gir et rammeverk for deltakelse og påvirkning i arbeidet for en bærekraftig samfunns- og miljøutvikling, spesielt med tanke på barn, ungdom, kvinner og minoriteter.

LNU ønsker lykke til med arbeidet og ser frem til videre samarbeid!


Beste hilsen,



Bjarne Dæhli
Leder i LNU
bjarne@lnu.no
95 06 23 58



Tale Hungnes
Generalsekretær, LNU
tale@lnu.no
95 83 34 31





MEIR ENN FINE ORD

- søks forslag til ein utviklingspolitikk som tek barn og unge på alvor



Rapporten er skrive av Kathrine Sund-
Henriksen på oppdrag for LNU. Medfor-
fatter er Idunn Myklebust.

Design: Byrå Burugla
Trykk: Allkopi
Opplag: 300
Foto: LNU

Framsidedfoto: Deltakarar
i utvokslinga mellom
SAIH og organisasjo-
nane JENH (Nicaragua)
og CEADL (Bolivia) på
førebuingkurs med LNU
Utvoksling.

LNU©2010



MEIR ENN FINE ORD

- søks forslag til ein utviklingspolitikk som tek barn og unge på alvor

Innhald

1. Innleiing	side 5
2. Er det så farleg då? Kvifor barn og unge i Sør må bli høyrte	side 6
3. Barn og unge i Sør i norsk utviklingspolitikk	side 8
3.1 Overordna politiske føringar	side 8
4. Tre kanalar for innverknad	side 10
4.1. Kanal 1: Internasjonale fora	side 10
4.2. Kanal 2: Bistand	side 11
4.3. Kanal 3: Norsk sivilsamfunn	side 13
5. Teori og praksis: to dømer frå norsk utviklingspolitikk	side 15
5.1. Hiv og aids	side 15
5.2. Klima	side 16
6. Korleis kan det gjerast?	side 19
6.1 Ungdomsdeltaking i internasjonale fora	side 19
6.2 Barn og unge i Sør si deltaking i bistandsprosjekt	side 21
6.3. Norske barne- og ungdomsorganisasjonar si rolle	side 25
7. Anbefalingar frå LNU	side 28
Kjeldelista	side 30



SENTRALE OMGREP

Barn – Personar opp til 18 år (som definert i Barnekonvensjonen).

Deltaking – Å ha rett, middel, mulegheit, rom og, når naudsynt, støtte til å ta del i og påverke avgjerer og delta i handlingar og aktivitetar for å hjelpe til med å byggje eit betre samfunn.

Det globale sør/sør – Samling av land som òg blir kalla utviklingsland. Storparten av desse landa ligg på den sørlege halvkule.

Endringsaktør – Barn og unge kan vere aktørar som skaper endring i samfunnet. Ein føresetnad for dette er at dei har høve til reell deltaking i både demokratiske strukturar og ølles i samfunnet.

Ungdom/lunge – Personar mellom 15 og 24 år (som definert av FN).

Ung leiarskap – Handlar om at ungdom skal bli høyrte og vere med på å bestemme over og påverke sin eigen kvardag. Ungdom skal også få bruke kunnskap og erfaring dei har, til å leia an ei positiv utvikling i samfunnet.

Utviklingspolitikk – Den delen av utanrikspolitikken som handlar om land i Det globale Sør.



1. Innleiing

Barnekonvensjonen slår fast at barn har rett til å bli høyrte og at meininga deira skal bli teke omsyn til. Likevel får barn og unge i liten grad medverke i mange politikkområde, og norsk utviklingspolitikk er ikkje noko unntak.

Norsk utviklingspolitikk vert påverka av mange faktorar. I samtala om utviklingspolitikken er "lo-kalt eigarskap" og "sør-perspektiv" i dag mellom honnrorda. Der ein tidlegare snakka om "stemma frå Sør" er ein no bevisst på at det fins uendelg mange "stemmer" og meiningar om det meste. Dette betyr at ein må ha ei bevisst haldning til at meiningane ein vel å lytte til ikkje nødvendigvis er representative verken for Det globale Sør generelt eller for spesifikke land.

Sjølv om det framleis er langt igjen å gå, blir ein stadig flinkare til å inkludere "sør-stemmene" også i den norske debatten. Éi gruppe er likevel framleis så og seie fråverande – barn og unge i Sør. Demokratiopplæring gjennom praksis for denne gruppa vil mellom anna kunne føre til styrka styresett og betre leiingar i framtida. Men barn og unge er òg sentrale aktørar i dag. Dei utgjer ein stor del av befolkinga i utviklingsland og kjenner problema på kroppen. Ei inkludering av deira "stemmer" i både utviklingsdebatten og i bistandsprosjekt i Sør, kan føre til nye, meir berekraftige løysingar.

Etter at den raudgrøne regjeringa, med Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim i spissen for dette feltet, tok over, har vi sett ei auka spenning i den tradisjonelt så konsensusbaserte utviklingspolitikken. Der Hilde Frafjord Johnson løfta fram sårbare grupper og viktigheita av grunnutdanning, snakkar Solheim om meir kontroversielle tema som kapital og konflikt. LNU meiner at å realisere retten til deltaking er å myndiggjere sårbare grupper og menneske til å endre strukturane i samfunna dei lever i gjennom sivilt samfunn. Ein kan dermed bygge bru mellom dei to tilnærmingane til Fra-

fjord Johnson og Solheim om kva som er viktigast for å skape til utvikling.

For å styrke inkluderinga av perspektiva til barn og unge i Sør i utviklinga av utviklingspolitikken og gjennomføringa av denne, har vi i denne rapporten valt å fokusere på tre kanalar. For det fyrste meiner vi at **synspunkta til barn og unge i Sør må vere sentrale i internasjonale fora**, og at norske styresmakter har eit ansvar for å medverke til at dette skjer. For det andre må **barn og unge i Sør bli høyrte og tatt omsyn til i gjennomføringa av bistandsprosjekt**. Til sist har også **norsk sivilsamfunn eit ansvar for å formidle synspunkt frå Sør i utviklingsdebatten i Norge**.

Rapporten byggjer på ein kombinasjon av intervju og tekstanalyse. Vi startar med ein kort gjennomgong av kvifor det er viktig å inkludere perspektiva til barn og unge i Sør i norsk utviklingspolitikk. Deretter blir situasjonen i dag analysert, før vi ser på klima og hiv/aids som døme på felt der norske styresmakter i varierende grad har hatt eit fokus på ung leiarskap. Erfaringane frå desse døma blir så tatt med når rapporten ser på korleis barn og unge i Sør sin rett til deltaking kan bli styrka og korleis norsk utviklingspolitikk kan medverke til dette. Til sist følgjer seks anbefalingar frå LNU til norske styresmakter og organisasjonar på bakgrunn av rapporten. Vi håper at rapporten kan vere med på å styrke den berekraftige utviklingspolitikken, gjennom å styrke inkluderinga av barn og unge i Sør sine perspektiv.



2. Er det så farleg då? Kvifor barn og unge i Sør må bli høyrte

Barn opptil 18 år har ein grunnleggjande rett til å bli høyrte i saker som vedkjem dei. Barnekonvensjonen, som alle land i verda bortsett frå USA og Somalia har ratifisert, slår fast dette i artikkel 12:

“Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.”¹

Retten til å uttale seg er tradisjonelt rekna som eitt av dei fire generelle prinsippa i Barnekonvensjonen. Dette betyr at samstundes som den er ein frittstående rett, skal den også integrerast i gjennomføringa av alle dei andre rettane. Barnekonvensjonen pålegg ikkje berre statar ei plikt til å unngå innsnevringar av ytringsfriheten, men også ei positiv plikt til å garantere at barn faktisk vert høyrte i saker som vedkjem dei.² Norsk utviklingspolitikk vedkjem i stor grad barn og unge i Det globale sør. Norske styresmakter har dermed eit moralsk, om ikkje juridisk, ansvar for å lytte også til denne gruppa. Dette gjeld også for norsk innsats i utviklingsprosjekt i Sør.

Demokrati og menneskerettar er eit sentralt element i norsk utviklingspolitikk.³ Ein er oppteken av å jobbe med rettane både til kvinner og til marginaliserte grupper som til dømes homofile eller urfolk.⁴ Det er i tråd med demokratiske prinsipp at barn og unge inkluderast når avgjerer som vil ha stor påverknad på deira situasjon, skal takast. Ved å inkludere perspektiv frå barn og unge i Sør kan også Norge gå føre som eit godt døme for andre styresmakter, både i Sør og i Nord. Igjen kan ein trekkje parallellar til Norge sitt arbeid for kvinner og likestilling.

Innanfor norsk utviklingspolitikk er det generell

semje om at “stemmene frå Sør” må få ta del i viktige debattar. Dei som vert direkte påverka av både problema og politikken har betre føresetnader for å sjå dei gode løysingane. På lik linje med andre grupper er barn og unge dei som best veit “kvar skoen trykkjer” når det kjem til eigen situasjon. Dette gjer dei svært kvalifiserte til å vere med på å finne fram til løysingane.

Barn og unge er inga einsarta gruppe. Likevel har dei nokre fellestrekk. Eit viktig aspekt ved det å vere ung er at ein då ofte er meir open for nye idear enn dei som er eldre og meir etablerte. I tillegg har ein gjerne mykje energi, pågangsmot, og kreativitet til å mobilisere for sosial og politisk endring.⁵ Å inkludere barn og unge kan gjere at utfordringane vert sett på med nye auge, som kanskje er mindre farga av vedtekne sanningar. Inkludering av barn og unge sine perspektiv og kunnskap i politikktutvikling kan dermed stimulere til nye vinklingar på problema og nye idear til korleis dei kan løysast.⁶

Mange av dei sentrale felte innanfor norsk og internasjonal utviklingspolitikk er heilt avhengige av at unge er aktive bidragsytarar i både utforminga og utføringa av politikken. Hiv/aids er eit enkelt døme på dette. Unge er den aldersgruppa som er mest utsett for smitte, og på verdsbasis er 40 % av dei som vert smitta unge mellom 14 og 24 år.

Eit anna argument er reint demokratisk. Barn og unge under 24 år utgjer ein stor del av verdas

1 Høstmølingon, Njål, Elin Saga Kjørholt og Kriston Sandberg (red.) (2008), Barnekonvensjonen: barns rettigheter i Norge. Oslo Universitetsforlaget, s 77.

2 Ibid., s 77-79.

3 Stortingsmelding 13 (2008-2009): Klima, konflikt og kapital, s 14.

4 Ibid., innleiing.

5 Utanriksdepartementet (2005), Tre milliarder grunner: Norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør, s 47.

6 Council of Europe (2008). Manual on the Revised European Charter on the Participation of Young People in Local and Regional Life. Strasbourg: Council of Europe Publishing, s 18.



befolkning. Kvar femte person i verda er mellom 15 og 24 år, og nesten 85 % av desse bur i utviklingsland i Sør.⁷ I alle samfunn, men kanskje spesielt i utviklingsland, er unge ei sentral gruppe som kan ha stor positiv eller negativ innverknad. Til trass for at unge utgjør ein femtedel av verdas befolkning, utgjør dei til dømes nesten halvparten av verdas arbeidsledige.⁸ Arbeidsløyse mellom unge kan ha mange negative konsekvensar for samfunnet, og store grupper av ungdom utan arbeid, utdanning eller håp for framtida, har blitt peikt på som ein av årsakene til væpna konflikt. Spesielt gjeld det i situasjonar der ungdom har få moglegheiter til arbeid eller arbeidsmigrasjon i samfunn som er prega av økonomisk stagnering.⁹ Når unge vert høyrte og oppmuntra til å ta del i utviklinga av samfunnet, får dei mulegheita til å vere positive endringsaktørar i staden for å bli sett på som eit problem. Dette vil kunne ha ein positiv dominoeffekt på ulike delar av samfunnet, og gjere at dei endringane ein prøver å få til gjennom utviklingspolitikken, får betre grobotn. I tillegg representerer ungdom ein proporsjonalt svært stor del av befolkninga i land i Sør, men blir sjeldan høyrte i politiske prosessar.

Eit viktig poeng for den raudgrøne regjeringa er at norsk utviklingspolitikk skal utnytte norske fordelar og erfaringar.¹⁰ Sjølv om Norge og har utfordringar, har norsk sivilt samfunn lange tradisjonar og mykje erfaring på feltet, og Norge er betre enn dei aller fleste andre land på å inkludere barn og unge i politikktutforming. Gjennom elevråd, ungdomsråd og organisasjonar får norske barn og

unge høve til å påverke, samstundes som dei får praktisk opplæring i rettar og demokrati. Dette er ei side av det norske samfunnet som andre kan lære av, og som burde synleggjerast også innanfor utviklingspolitikken.

Sist, men ikkje minst, må det sjølv sagt nemnast at barn og unge er dei som skal styre i framtida. Det er gjennom praksis ein kan få den beste opplæringa i demokrati. Dermed er barn og unge si deltaking no ein føresetnad for utvikling og styrking av demokratiet i land i Sør framover.¹¹ Å involvere unge tidleg vil kunne styrke demokratiske strukturar, gi demokratiet meir grobotn og vere med på å endre maktstrukturar i Sør kor tyngdepunktet tradisjonelt har vore delt langs aksar som alder og kjønn. Eit sterkt sivilt samfunn med kompetente ungdomsorganisasjonar og -nettverk er difor ein sær viktig ingrediens i einkvar demokratiseringsprosess, noko som Norge bør fronte tydelegare i sin utviklingspolitikk.

7 United Nations, Youth and the United Nations: Frequently asked questions, [14.10.2010] <http://www.un.org/esa/socdev/unyin/qanda.htm>

8 Ministry of Foreign Affairs Danida, Children and Young People in Danish Development Cooperation: Guidelines, s. 10.

9 United Nations (2007), World Youth Report 2007 : Chapter 8: Ensuring Youth development around the world: the way forward, s. 245. http://www.un.org/esa/socdev/unyin/documents/wyr07_chapter_8.pdf. Urdal, Henrik (2004) The Devil in the Demographics: The Effect of Youth Bulges on Domestic Armed Conflict, 1950-2000, Social Development Papers/ Conflict Prevention and Reconstruction. Washington DC: The World Bank

10 Stortingsmelding 13 (2008-2009): Klima, konflikt og kapital, s.16.

11 Utanriksdepartementet (2005), Tre milliarder grunner: Norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør, s. 47.



3. Barn og unge i Sør i norsk utviklingspolitikk

Norsk utviklingspolitikk er eit stort og komplisert område, og ulike aktørar påverkar utforminga av politikken gjennom mange kanalar. Fleire av desse skal vi sjå nærare på i denne rapporten, med siktemål om at barn og unge i Sør i sterkare grad skal få prege norsk utviklingspolitikk. Norge har ein lang tradisjon for tett samarbeid mellom styresmakter og frivillige organisasjonar. Denne erfaringa bør norske styresmakter nytte til å styrke barne- og ungdomsorganisasjonar i Sør. Det kan skje ved direkte støtte, eller gjennom styrking av den delen av norsk sivilsamfunn som samarbeidar med organisasjonar i Sør.

Ei sentral utfordring her er spørsmålet om representativitet. Representasjon frå Sør er ei kjend utfordring for dei som jobbar med utviklingspolitikk. På den eine sida er det sjølvsagt viktig å inkludere synspunkt frå dei som blir direkte påverka av politikken. På den andre sida kan ikkje ei lita gruppe personar eller organisasjonar seiast å representere heile Det globale Sør. Dei som jobbar med dette feltet i Norge vil gjerne samarbeide med, og inkludere, partnerar som har forholdsvis likt syn som dei sjølve på sentrale saker. Dette er det viktig å vere bevisst på. Ei anna utfordring er at det i dei fleste land i Sør ikkje fins barne- og ungdomsorganisasjonar som er representative for dei store gruppene av barn og unge.

Til trass for desse utfordringane vil det, som vist i førre kapittel, styrke norsk utviklingspolitikk om ein betre klarer å inkludere perspektiva til barn og unge i Sør i denne politikken. Det vil då vere avgjerande at ein klarer å finne gode måtar å gjere dette på. Vi har i denne rapporten valt å fokusere på tre "kanalar" som vi meiner er sentrale for å styrke inkluderinga av barn og unge i Sør sine perspektiv i utviklinga av politikken. Desse er internasjonale fora, bistand og norsk sivilsamfunn. Bistandsarbeidet bør medverke til å styrke barn og unge i Sør som aktørar i samfunnet dei lever i. Gjennom auka kompetanse og kapasitet vil dei

kunne ta ei enda tydelegare rolle som positive endringsaktørar, både lokalt og i internasjonale fora. Dette bør gjerast både gjennom konkrete prosjekt som fokuserer på barn og unge som aktørar og leiingar, og gjennom å stille krav om at barn og unge skal kunne påverke bistandsprosjekt som vedkjem dei. Før vi går nærare inn på kvar av dei tre kanalane, vil vi sjå på korleis barn og unge vert omtala i dokument som legg føringar for norsk utviklingspolitikk.

3.1 Overordna politiske føringar

I 2005 la Bondevik II-regjeringa fram strategien "Tre milliarder grunner – norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør" (BUS).¹² Strategien skulle vere retningsgjevande for norsk arbeid med å fremje barn og ungdom sine rettar og levevilkår fram mot 2015. Strategien la mellom anna opp til at det skulle verte utnemnt ein eigen ambassadør for barn sine rettar i det utviklingspolitiske arbeidet. Eit anna forslag gjekk ut på at kvar utviklingspolitiske avdeling og ambassade/delegasjon involvert i utviklingspolitikk og/eller utviklings-samarbeid skulle oppnemne ein eigen "barne- og ungdomsansvarleg". Desse skulle ha eit ansvar for å sikre at barn og unge vart inkluderte i avgjerdsprosessar om bruken av bistandsmiddel der dei får verknader for barn.¹³ Strategien var meint å vare fram til 2015. Men på grunn av regjeringsskiftet, som kom nokre månader etter at rapporten var lansert, har den i liten grad blitt implementert. Det har ikkje blitt utnemnt barne- og ungdomsansvarlege i avdelingane og barneambassadørstillinga, som vart oppretta i 2005, vart lagt ned i desember 2009.¹⁴

Med Erik Solheim som utviklingsminister har lite merksemd blitt via barn og unge i Sør. I den første

¹² Utenriksdepartementet (2005), Tre milliarder grunner: Norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør.

¹³ Utenriksdepartementet (2005), Tre milliarder grunner: Norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør, s 55.

¹⁴ Magnus, Gunnar, "Vil beholde barneambassadør" Aftenposten 24.januar 2010.



Soria Moria-erklæringa vart ikkje denne gruppa nemnt i det heile. I Soria Moria 2 står det at Regjeringa vil "lede an i det internasjonale arbeidet med å innfri alle barns rett til utdanning, og løfte arbeidet med barns rettar internasjonalt".¹⁵

Eit anna viktig dokument for den raudgrøne regjeringa sin utviklingspolitikk er Stortingsmelding nr. 13 (2008-2009) Klima, konflikt og kapital, også kalla "Utviklingsmeldinga". I meldinga blir barn og ungdom fleire gonger trekt fram som ei sårbar gruppe. Den einaste staden barn og unge konkret er nemnt som aktørar er i kap 5.4:

*"[Barn og unge] er også agenter for fred, sosial endring og forebygging av konflikt. Deres rolle i fredsbygging og til støtte for freds- og forsoningsprosesser må forstås og utnyttes bedre (...) regjeringen har tatt flere grep for å utarbeide politikk for å styrke barns situasjon. Norge er med i en FN-prosess for å skape en plattform for opptrappet internasjonal innsats. Utenriksdepartementet har også finansiert en studie som dokumenterer og kaster nytt lys på hvorfor, når og hvordan barn og unge skal delta i fredsbygging og fredsprosesser. Kostnadene ved å unnlate å ta barn og unge i betraktning vil være store."*¹⁶

Men nyleg er det skjedd positive endringar. I statsbudsjettet for 2010¹⁷ vert barn og unge fleire gonger trekt fram som ei sårbar gruppe. Under posten Menneskerettar fokuserer ein óg på rolla dei har som endringsagentar: "FNS Barnekonvensjon

*og dens prinsipper om barnets beste, ikke-diskriminering, overlevelse og utvikling samt deltakelse vil være førende for Norges rolle som politisk aktør og bistandsaktør multilateralt og på landnivå (...) Tradisjonelle tilnærminger der barn og unge hovedsakelig sees i et sårbarhetsperspektiv er utilstrekkelige i møte med nye utfordringer. Barn og unge er rettssubjekter og endringsagenter i sivil samfunn og skal mobiliseres gjennom konkrete tiltak."*¹⁸

Også i statsbudsjettet for 2011 vert barn og unge peika på som viktige aktørar:

*"Tett knyttet opp til arbeidet for å nå tusenårsmålene er regjeringens arbeid for å fremme barn og unges rettigheter (...) Utfordringa er å sikre at norsk bistand mest mulig effektivt bidrar til at Barnekonvensjons bestemmelser blir gjennomført i våre samarbeidsland. Barn og unge må i denne sammenheng ikke bare sees i et sårbarhetsperspektiv, men også som rettssubjekter og endringsaktører som kan mobiliseres gjennom konkrete tiltak"*¹⁹

Kva desse konkrete tiltaka skal gå ut på vert ikkje spesifisert. Det er difor vanskeleg å sjå dei som prioriterte frå den raudgrøne regjeringa. Regjeringa har med andre ord (tildels) politikken rundt barn og unge si deltaking på plass, men om desse måla skal nås må tiltak kome på plass. Rapporten vil difor i dei neste kapitla foreslå moglege tiltak regjeringa kan sette i verk for å nå dei måla dei setter seg i statsbudsjettet.

¹⁵ Politisk plattform for flørtallsregjeringon 2009-2013, s 9.

¹⁶ Stortingsmelding 13 (2008-2009): Klima, konflikt og kapital, s 66.

¹⁷ Prop. 1 S 2009-2010:100-172, 3100.

¹⁸ Prop.1 S 2009-2010:175 kap 163, post MR (72).

¹⁹ Prop. 1S 2010-2011:43, 201.



4. Tre kanalar for innverknad

I denne rapporten fokuserer vi på tre kanalar for deltaking. Desse kanalane er vald både fordi dei er sentrale i politikktutformingsprosessen og fordi dei er nyttige om ein vil formidle synspunkt og styrke deltaking frå Sør.

4.1. Kanal 1: Internasjonale fora

Internasjonale fora er sentrale arenaer for den norske utviklingspolitikken. Norge bruker desse foraa både til å jobbe for "sine" saker og for å få innspel til politikken. Til dømes har Norge medverka til eit auka fokus på kvinner og likestilling internasjonalt, medan FN sine tusenårssmål vert lagt til grunn for norsk utviklingspolitikk.²⁰

Norge har ratifisert FN sin barnekonvensjon, og den bør vere førande også for utviklingsarbeidet. Norske styresmakter fekk i 2010 tilrådingar frå FN sin barnekomité om oppfølginga av Barnekonvensjonen. Komiteen anbefalar Norge å styrke deltakinga til barn og unge, og sikre at deira synspunkt blir lagt tilstrekkeleg vekt på.²¹ Barn og unge si deltaking i internasjonale fora, som til dømes møte i FN-regi, er viktig av mange grunnar. I tillegg til at ein kan påverke der og då, vil ein òg kunne bygge kompetanse og nettverk og dermed få større påverknad på sikt. I neste kapittel vil vi sjå på korleis dette vert gjort innanfor områda klima og hiv/aids.

Ei sentral utfordring for barn og unge i Sør er tilgong på finansiell støtte for å dekkje reiser til desse møta. I tillegg kjem utgifter knytt til eigne møteplassar og kompetansebygging for ungdomsnettverk. I likskap med dei aller fleste andre land har Norge i liten grad hjulpet til med finansiering for å styrke barn og unge i Sør sin påverknad på internasjonale fora.²²

Ei anna utfordring for barne- og ungdomsorganisasjonar er å få tilgong til dei sentrale møteplassane. Dei internasjonale organisasjonane involverer

sivilsamfunn i ulik grad. I Verdsbanken har til dømes sivilsamfunn ikkje tilgong til dei mest sentrale møta i det heile. FN har tradisjonelt vore ganske oppe for deltaking av representantar frå sivilsamfunn, men på nokre område kan det verke som om utviklinga går i feil retning. Dette kan ein til dømes sjå i klimaforhandlingane. Under COP 15 i København blei ein stor del av representantane frå sivilt samfunn stengd ute frå forhandlingane,²³ noko mellom andre Changemaker kritiserte.²⁴

I tillegg til å vere med som ein del av sivilsamfunnet, er det mange som meiner at det burde leggjast spesielt til rette for barn og unge sine høver til å påverke. Ordninga med ungdomsdelegatar er eit døme på eit slikt tiltak. Norge er mellom dei landa som kvart år inkluderer ungdomsdelegatar i ulike delegasjonar, mellom anna til FN si generalforsamling. Svært få land i Sør nyttar seg av denne mulegheita til å inkludere ungdomsrepresentantar i sine delegasjonar.²⁵

Dersom partnarane er interesserte i det, bør dei norske organisasjonane også spele ei rolle i å styrke det internasjonale arbeidet til partnarane i Sør. I Norad sine retningslinjer for bistand står det til dømes at *"(d)et er avgjørende at representanter fra sør får anledning til å delta for fullt i internasjonalt arbeid. Norske organisasjoner har et særlig ansvar for å bistå sine partnere i hvor-*

20 Utanriksdepartementet, FN's tusenårssmål, [14.10.2010]. <http://www.regjeringen.no/nb/døp/ud/tema/fn/fns-reformpanel.html?id=115239>

21 FN, Komiteen for barnets rettigheter, Komiteens femtiredte sesjon 11.-29.januar 2010, Vurdering av rapportene som partene har lagt fram i henhold til konvensjonens artikkel 44. Avsluttende merknader: Norge, s 6.

22 Utanriksdepartementet, "Barn og unge i utenriks- og utviklingspolitikk", brev til LNU 17.3.2010.

23 VG Nett (2009), Mer enn 1000 slapp ikke inn på klimatoppmøtet, [21.10.2010] <http://www.vg.no/nyheter/utenriks/klimatrusseolen/artikkel.php?artid=599197>

24 Changemaker, Organisasjoner skyves vekk fra klimatoppmøtet, [21.10.2010] <http://www.changemaker.no/Aktuelt/Nyhetslista/Organisasjoner-skyves-vekk-fra-klimatoppmøtet/>

25 Sjå oversikt over ungdomsdelegatar til FN på http://www.un.org/osa/socdav/unyin/youthrep.htm#former_youth_delegates



dan man skaffer seg tilgang til og kompetanse i å nyttegjøre seg den informasjonen som strømmer gjennom internasjonale kommunikasjonskanaler og møteplasser.”²⁶

4.2. Kanal 2: Bistand

Bistanden er ein sentral del av norsk utviklingspolitikk. Det er to hovudgrunnar til at den norske bistanden er ein viktig kanal for barne- og ungdomsdeltaking. For det første kan bistanden brukast til å støtte barne- og ungdomsorganisasjonar i Sør. Om barn og unge i Sør i det heile skal kunne nytte seg av andre kanalar og påverke norsk og internasjonal utviklingspolitikk, er det naudsynt å ha gode organisasjonar som kan fungere som talerør. For det andre går ein stor del av bistanden til prosjekt og tiltak som har stor påverknad på barn og unge sin livssituasjon. Ansvar for å inkludere perspektiva til desse i utviklingsprosjekt er dermed like viktig her som i den overordna utviklingspolitikken som rapporten har diskutert tidlegare.

Dei overordna føringane for norsk bistand ligg i dei dokumenta som er nemnt under 3.1. Å inkludere barn og unge som aktørar er altså ikkje ei tydeleg prioritering i bistanden under den raudgrøne regjeringa. Dette er òg tydeleg i sentrale dokument med startpunkt i dei ulike kanalane bistanden vert formidla gjennom.²⁷ Eit døme på dette er dei nye retningslinjene for Norad²⁸ si støtte til sivilt samfunn i Sør, som kom i 2009.²⁹ Denne bistanden blir kanalisert gjennom norske og internasjonale sivilsamfunnsorganisasjonar, i tillegg til direkte støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar i Sør. I retningslinjene blir det lagt stor vekt på at sivilsamfunn i Sør skal vere i førarsetet. Ungdom vert berre nemnt ein gong: *“Norske frivillige aktørar bør i større grad enn nå engasjere seg og sine partnere i Sør i et sterkere samarbeid med.... sosiale bevegelser (inkludert ungdomsgrupper.)”³⁰* Vi kjem nærare tilbake til korleis dette kan betrast i kapittel 6.

Fokuset på kvinner har vore og er svært viktig i norsk utviklingspolitikk. Denne rapporten vil ar-

gumentere for at barn og unge bør inkluderast på same vis i norsk utviklingspolitikk som det er gjort med kvinner. Dette bør skje gjennom ein “mainstreaming”-prosess der alle politikkområde må vere seg bevisste denne gruppa i den overordna politikktutforminga, og i utarbeiding av meir tidsavgrensa prosjekt. Dette er også noko LNU har argumentert for tidlegare.³¹ Det er viktig for LNU å understreke at å inkludere barn og unge bør sjåast på som ei styrking av kvinnepolitikken og den generelle inkluderingspolitikken, og ikkje som konkurrerande omsyn.

For å utdjupe dette litt: Ekskludering skjer langs mange aksar, som alder, kjønn, etnisitet, bustad, arbeidssituasjon og så vidare, som ofte gjenspeglar djupe strukturar av ulikskap i eit samfunn. Norsk utviklingspolitikk har tradisjonelt vore god på å ta inn over seg desse maktstrukturane, og dette fokuset er styrka under den noverande regjeringa. Ikkje minst er dette synleggjort gjennom arbeidet for å inkludere kvinner. Men det er viktig at fokuset på kvinner ikkje blir dominert av ei “catchword”-tenking, der bistand til kvinner blir ei løysing på alle problem, men at fokuset er på å inkludere grupper som vanlegvis ikkje har makt og innverknad - for å vere med på å minske ulikskap i samfunnet, og styrke sivilsamfunnet. Der kvinner blir ekskludert, blir også ofte ungdom ekskludert, og dermed unge kvinner mest av alle. Å halde to tankar i hovudet på ein gong vil ikkje berre styrke politikken, men også vise seg å vere meir effektivt for å få til faktiske endringar i maktstrukturar i sivilt samfunn og utviklingsprosessar i Sør.

²⁶ Norad (2009), Prinsipper for Norads støtte til sivilt samfunn i Sør, s 15.

²⁷ Pøngano kan vorte kanaliserte gjennom multilaterale aktørar som FN og Verdsbankon, som stat-til-stat bistand direkte til styresmakta i mottakarlandet, gjennom norsk sivilsamfunn, eller direkte til organisasjonar i mottakarlandet. Dette inkluderer både humanitær bistand, såkalt “gap”, og langsiktig utviklingsbistand.

²⁸ Direktoratet for utviklingssamarbeid.

²⁹ Norad (2009), Prinsipper for Norads støtte til sivilt samfunn i Sør. 30 Ibid, s 11.

³¹ LNU (2010), Innspill til stortingsmelding om miljø og utvikling, brev til Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim, 14.09.2010.



Deltakarar i årets utveksling mellom Spire og Network for Youth Development, Kine Skogås Frisfjord, Mathews Malawa, Emma Kalea og Andrea Elisabeth Medaas. Foto: LNU

Spire og Network for Youth Development

Spire sitt samarbeid med Network for Youth Development (NfYD) i Malawi er eit døme på korleis omsynet til ungdom og kvinner heng saman. Dei to organisasjonane har dei siste åra samarbeida om tema som demokratiutvikling i eigne organisasjonar, så vel som politisk påverkningsarbeid på tema som jordbruk, mattryggleik og klima. Samarbeidet har vore karakterisert av gjensidig utveksling av erfaringar mellom dei to organisasjonane og talsmannsarbeid for saker dei begge er opptekne av. Eit viktig fokusområde for den siste utvekslinga har, frå den malawiske organisasjonen si side, vore å auke unge kvinner sin kompetanse og moglegheit til deltaking i avgjerdsprosessar i eigen organisasjon, kvinnene sine lokalsamfunn og generell politikkutvikling i landet.

Prosjektet reflekterer to hovudpoeng i denne rapporten: På den eine sida ser vi at gjensidig samarbeid vil styrke stemma frå Sør både i politisk arbeid og bistandsprosjekt. På den andre sida ser vi at det å arbeide med ungdom si deltaking i mange tilfelle også kan bety å styrke kvinners deltaking, så vel som andre grupper som ofte blir ekskludert frå politikkutforming og politisk deltaking.



Ein annan viktig aktør i formidlinga av norsk bistand, i tillegg til NGOane,³⁴ er dei norske ambassadane i mottakarlanda. Desse er sentrale både i forhold til stat-til-stat-bistanden, som går direkte til styresmaktene, og i formidlinga av bistand direkte til sivilsamfunn i Sør. Kvar ambassade får kvart år ein verksemdplan eller eit tildelingsskriv frå Utanriksdepartementet (UD). Ei gjennomlesing av utvalde tildelingsskriv for 2010 viser at barn og unge som aktørar ikkje er nemnt i det heile.³⁵ Sivilsamfunnsorganisasjonane har på si side kome lengre på dette feltet. Her er det fleire gode døme på korleis ungdom kan bli inkludert, og UD og ambassadane har mykje å lære av desse. Dette kjem vi tilbake til i kapittel 6.

Bistandsarbeidet må styrke stillinga til barn og unge i Sør. Eit fokus på barn og unge i bistanden, så vel som i politikktutforming, er difor viktig på fleire ulike nivå. For det første har barn rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei. Norge bør difor prioritere bistandsprosjekt som myndiggjer barn og unge. For det andre vil inkludering av barn og ungdom og deira eigne organisasjonar kunne styrke sivilsamfunnet, og dermed vere med på å skape ei betre maktdeling og sterkare demokratiske strukturar. For det tredje vil eit integrert fokus på å inkludere ekskluderte grupper medverke til ein betre heilskap i utviklingspolitikken, og inkludering av barn og unge bør dermed skje på lik linje med kvinner og andre grupper som ofte blir ekskluderte. Rapporten vil komme tilbake til desse poenga meir konkret i kapittel 6.2, kor den går meir grundig igjennom norske styresmakter si rolle og utviklinga på feltet.

4.3. Kanal 3: Norsk sivilsamfunn

I forhold til i dei fleste andre land står norsk sivilsamfunn på mange måtar i ei særstilling når det gjeld å ha mulegheit til å påverke styresmaktene sin utviklingspolitikk. Organisasjonane vert ofte tekne med på råd, både når det gjeld konkrete saker og i større prosessar.³⁶

Norske organisasjonar som jobbar med solidari-

tetsspørsmål har eit ansvar for å formidle synspunkt frå Sør inn i den norske debatten. I Norad sine retningslinjer for opplysningsarbeid står det til dømes at tilskotsordninga skal *”stimulere til flere stemmer fra sør i den norske utviklingsdebatten”*.³⁷ Og utanrikskomiteen på Stortinget kom med følgjande merknad til St.meld 13:

*”Flertallet vil i den sammenheng understreke de frivillige organisasjonenes rolle som pådrivere og vaktbikkjer. I dette arbeidet vil det være viktig å støtte opp under organisasjonenes bestrebelser på å utvikle gode partnerskap med sør i opplysningsarbeidet, som kan sikre kritiske innspill og perspektiver fra sør også på utviklingen i Norge i et globalt perspektiv, så vel som norsk miljø- og utviklingspolitikk.”*³⁸

Dei fleste organisasjonane som jobbar innanfor dette feltet jobbar både med informasjon og politisk påverknad. Desse to heng tett saman. Gjennom informasjonsarbeidet, som gjerne har eit politisk startpunkt, kan ein til dømes både nå politikarane direkte og mobilisere fleire til å leggje eit press på styresmaktene. Norske organisasjonar som jobbar innanfor dette feltet bør altså bruke innspel frå mellom anna barne- og ungdomsorganisasjonar i Sør både når dei utviklar eigen politikk på dei sakene dei jobbar med og i informasjonskampanjar. Samstundes kan dei leggje til rette for at organisasjonar frå Sør direkte kan leggje fram sine synspunkt når det er behov for det.

Fire sentrale ungdoms/studentorganisasjonar som jobbar med informasjon og politisk påverknad innanfor dette feltet er PRESS, Spire, Change-maker og Studentenes og Akademikernes Inter-

34 Ikkje-statlege organisasjonar.

35 Utanriksdepartementet, Tildelingsskriv for 2010 for ambassadane i Tanzania, Nicaragua, Malawi, Sudan og Afghanistan.

36 Stortingsmelding 13 (2008-2009), Klima, konflikt og kapital, s 11.

37 Norad, Folkeopplysning for en ny tid: Retningslinjer for Norads støtte til frivillige organisasjoners opplysningsarbeid. Gjeldende fra 2011, s 2.

38 Utanrikskomiteen, Inst S. Nr 269 (2008-2009) Innstilling fra utanrikskomiteen om klima, konflikt og kapital. Norsk utviklingspolitikk i et endret handlingsrom, s 41.



nasjonale Hjelpfond (SAIH).³⁹ Det er stor semje mellom desse organisasjonane om at "stemmene frå Sør" må inkluderast.⁴⁰ I SAIH sitt prinsippogram står det til dømes at "SAIHs partnere i sør sitt arbeid skal ligge til grunn for SAIHs informasjonsarbeid. Informasjonsarbeidet skal byggjes på kunnskap om og respekt for partnere i sør, og disse skal kunne kjenne seg igjen i SAIHs budskap".⁴¹

Innspel frå Sør kan kome på mange ulike måtar, til dømes gjennom internasjonale nettverk og møte,

rapportar, personlege kjennskapar og meir formaliserte samarbeid over tid. Medan sistnemnte nok kan vere noko av det mest fruktbare, vil det óg gjerne føre med seg ekstra utfordringar. Medan SAIH er også ein bistandsorganisasjon og dermed har mange partnarar i Sør, er både Changemaker og Spire skeptiske til å ha samarbeid som involverer pengeoverføringar.⁴² Begge har likevel formaliserte samarbeid med partnarar i Sør, Changemaker i Kenya og Spire i Malawi.



Kristin Bjørå frå KRIK og Michael M. Wachira frå CHRISC Kenya under Global Youth Partnership som LNU arrangerte i februar 2010. Foto: LNU

39 PRESS – Redd Barna Ungdom, Spire – Utviklingsfondets ungdomsorganisasjon, Changemaker – Kirkens Nødhjelps ungdomsrørsla.

40 Intervju med CM, Spire, Prøss og SAIH.

41 SAIH, SAIHs Informasjonsstrategi 2007-2010, s 4.

42 Intervju med CM og Spire.



5. Teori og praksis: to dømer frå norsk utviklingspolitikk

Innanfor utviklingspolitikken fins det mange viktige tema. To av dei mest sentrale i dag er klima og hiv/aids. Innanfor begge desse er barn og unge ei viktig gruppe. Barn og unge i Sør er mellom dei som vert hardest råkast av klimaendringane,⁴³ i tillegg til at dei kjem til å arve klimaproblema i framtida. Når det gjeld hiv/aids er unge den aldersgruppa som er mest utsett for smitte. På begge desse områda er det altså barn og unge som har mest å tape. Dei har dermed også mest å vinne på å finne gode løysingar. Likevel blir dei i liten grad involvert når viktige avgjerer skal takast internasjonalt.

Klima og hiv/aids skil seg klart frå kvarandre når det gjeld inkluderinga av barn og unge i Sør i norsk utviklingspolitikk. Innanfor hiv/aids har Norge bevisst satsa på barn og unge som hovudgruppe, nettopp fordi dei er så sentrale. Innanfor klima har ein derimot til gode å sjå ei slik satsing.

5.1. Hiv og aids

Det norske hiv og aids-arbeidet kan tenne som eit døme på korleis ein på ein god måte kan sikre unge si deltaking innanfor eit politikkområde. Barne- og ungdomsorganisasjonane er representert i det nasjonale hiv og aids-rådet,⁴⁴ styresmakterne har finansiert deltaking frå ungdomsorganisasjonane på internasjonale møte,⁴⁵ og ein har jobba mykje med ung leiarskap. Ein har også hatt eit eige råd satt saman av ungdomsorganisasjonar som jobbar med hiv, som har gjeve innspel til det nasjonale rådet.⁴⁶

Nokre aktørar har stått sentralt i arbeidet med å sikre inkludering av unge i hiv- og aidsarbeidet til Norge. Sigrun Møgedal, som var norsk hiv/aids-ambassadør frå 2005 til 2010, hadde eit sterkt fokus på unge som leiurar innanfor hiv/aids-området.⁴⁷ I Det globale fondet for kamp mot aids, tuberkulose og malaria medverka ho mellom anna

til at styret i november 2009 vedtok følgjande: *"Styret ber valkretsane og sekretariatet vurdere korleis dei betre kan inkludere unge menneske, fasilitere prosessar leia av unge på globalt og nasjonalt nivå, og forsikre at deira idear og perspektiv er betre reflektert i arbeidet til det Globale fondet og styret, og rapportere tilbake til styret innan to år."*⁴⁸ På møtet der dette vart vedteke vart Sigrun Møgedal takka for sitt engasjement og for at ho hadde arbeida for å få dette viktige temaet på agendaen til styret. Møgedal var òg sentral i prosessen med å få ein ungdomsrepresentant som deltek i arbeidet til styret i Det globale fondet. Alt dette var mogleg fordi norske styresmakter prioriterte aidsarbeidet politisk, blant anna gjennom å ha ein eigen aidsambassadør. Det syner at det er avgjerande med politiske prioriteringar for å sikre barn og unge si deltaking.

H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit sitt engasjement for ung leiarskap på dette området har òg hatt stor innverknad. I 2009 var Slottet og Utanriksdepartementet med på å arrangere det andre toppmøtet for unge leiurar innanfor hiv/aids internasjonalt. LNU var kritisk til prosessen rundt møtet, som berre var ope for handplukka deltakarar. Likevel ser ein at det resulterte i mykje positivt. Noko av det viktigaste var at opprettinga av HIV Young Leaders Fund (sjå boks).

43 Save the Children UK (2007), *Legacy of disasters: The impact of climate change on children*, London: Save the Children UK.

44 LNU møter i det nasjonale hiv og aids rådet på vegne av barne- og ungdomsorganisasjonane.

45 Helse- og omsorgsdepartementet ga mellom anna støtte til deltakinga til fleire ungdomsdelegatar på AIDS 2010 i Wien i juli 2010, gjennom LNU.

46 Norad (2007), *Eget ungdomsråd på aids*, [21.10.2010] <http://www.norad.no/Om+Norad/Nyhetsarkiv/Nyhetsseite?key=109067>

47 Sjå mellom anna <http://www.lnu.no/pages/nyhet.aspx?nr=13866>

48 The Global Fund to Fight AIDS, Tuberculosis and Malaria, *Twentieth Board Meeting Addis Ababa, Ethiopia 9-11 November, Decision Point GF/B20/DP32 "Youth Leadership"*.



HIV Young Leaders Fund

HIV Young Leaders Fund, som er sett saman av ei gruppe organisasjonar og mottek støtte frå mellom anna UNFPA, ønskjer å muleggjere og utvikle leiarskap i responsen til aids mellom unge menneske påverka av hiv. Unge utgjør nesten 45 % av nye hiv-smitta. Fondet ønskjer å sikre at unge menneske som lever med hiv eller er svært sårbare for smitte sjølve får prioriterte finansiering innanfor deira eigne samfunn.⁴⁹ I følgje Liping Mian, koordinator i World AIDS Youth Campaign, er program av og for ungdom svært effektive, men kronisk underfinansiert. I tillegg manglar program leia av ungdom ofte grunnfinansiering. Det er med andre ord vanskeleg å få støtte til drift.⁵⁰

Fondet, som vart oppretta i fjor og vil ha si første utdeling av støtte i år, vil gje små stipend til prosjekt leia av ungdom, hovudsakleg på lokalt nivå. Lokale prosjekt som adresserer behova til unge som lever med hiv eller er svært sårbare for smitte vil verte prioriterte. Fondet vil støtte lokalt, regionalt og internasjonalt lobbyarbeid, lokale utdanningsprosjekt leia av ungdom, ulike omsorgstenester, og mobilisering av ungdom i lokalsamfunna. Prosjekt vil bli vald ut av ni regionale Community Review Panels, som består av unge leiingar med erfaring i arbeid med hiv og aids. Den endelige avgjersla vil bli teken av eit globalt evalueringspanel, som består av ein representant frå kvar av dei regionale.⁵¹ I første lysningsrunde forventa fondet å få nokre hundre søknadar, men mottok nesten 3000.⁵² Dette viser det enorme behovet.

5.2. Klima

Innanfor klimafeltet har ikkje Norge tatt det same ansvaret for å auke fokuset på ung leiarskap, verken på heimebane eller internasjonalt. Barn og unge har ikkje fast representasjon i noko nasjonalt organ eller gruppe, og det har vore vanskelegare å få finansiering til deltaking på internasjonale møte enn på hiv og aids-feltet.

Barn og unge er dei som skal leve med konsekvensane av klimapolitikken som blir ført i dag. Det er difor viktig å sikre reell deltaking for ungdom både i Sør og Nord. Til dømes må klimatilpasningstiltak retta mot barn og unge inkludere barn og unge i utviklinga av desse tiltaka, om dei skal fungere optimalt. Barn og unge kjenner best sin eigen kvardag og utfordringar, og ein treng difor deira informasjon og kunnskap for å sikre at tiltaka treff rett. Dette må mellom anna sikrast gjennom at barn og unge får utdanning og

høve til å ta del i organisasjonar og på andre samfunnsfelt. Internasjonalt er behovet for leiarskap på konsekvensar av klimaendringane for barn og unge stort. Norge har heller ikkje her tatt ei leiande rolle, og fremja ikkje barn og unge spesielt i klimaforhandlingane under COP15. Det på tross av at denne gruppa ikkje var er nemnt i forhandlingsteksten i det heile.⁵³ Ein stad for Norge å starte vil vere å auke støtta til ungdomsmobilisering, leiartrening og utvikling av eigne ungdomsorga-

49 HIV Young Leaders Fund, HIV Young Leaders Fund to Launch in 2010: A new partnership between youth networks and donors. Pressomgiving 18.12.2009, <http://www.hivyoungleadersfund.org/wp-content/uploads/2010/03/HIVYoungLeadersFundPressRelease.pdf> 50 lbid.

51 Tides Foundation, HIV Young Leaders Fund: 2010 Request for proposals. [15.10.2010] <http://www.tidesfoundation.org/grants-impact/open-rfps/hiv-young-leaders-fund/index.html>

52 HIV Young Leaders Fund, 2010 Grants. [15.10.2010] <http://www.hivyoungleadersfund.org/2010/07/2010-grants/>

53 Rødd Barna, Et svik mot barn i København [15.10.2010] http://www.roddbarna.no/default.asp?V_ITEM_ID=24185



nisasjonar i Sør knytt til utvikling og miljø. Å sikre fast ungdomsdeltaking i den norske forhandlingsdelegasjonen og oppmode norske ungdomsorganisasjonar til å vidareformidle synspunkt frå samarbeidspartnarar i Sør, vil også vere viktige steg.

Norske barne- og ungdomsorganisasjonar har, i motsetning til styresmaktene, tatt ansvar på dette området. Unge norske klimaaktivistar er til dømes aktive i ungdomsnettverket YOUNGO (sjå boks). I tillegg til å jobbe politisk og med kompetanseheving i nettverket, jobbar dei norske aktivistane med å finne finansiering til deltaking i internasjonale fora for Sør-representantar og for å styrke nettverket. I juli 2010 sendte desse aktivistane ein søknad til UD på vegne av YOUNGO, der dei søkte om støtte i samband med klimatoppmøtet i Cancún (COP16). Etter først å ha blitt sendt vidare til Norad, fekk dei beskjed om at Norad ikkje kunne dekkje opp til 3 millionar NOK i reisestøtte. Dei justerte budsjettet, for så å få til svar at det ikkje var noko pengar igjen i den potten dei søkte på. Dette utan å få noko forslag til andre pottar dei kunne søkje på.⁵⁴ YOUNGO er det store talerøret for unge innanfor dei internasjonale klimaforhandlingane. Det kan syntest merkeleg om det i UD- og Norad-systemet ikkje fins noko mulegheit for å støtte dette nettverket finansielt.

Av dei tidlegare nemnte solidaritetsorganisasjonane er det først og fremst Spire og Changemaker som har eit spesielt fokus på klima. Begge er aktive i YOUNGO og har i tillegg både uformelle og formaliserte samarbeid med organisasjonar i Sør. Under klimatoppmøtet i København i desember 2009 sendte til dømes Changemaker og kenyanske Change Agents ut ei felles pressemelding til norsk media.⁵⁵ LNU er òg engasjert på dette feltet. I 2009 arrangerte LNU, i samarbeid med FN-sambandet, Ungdommens Klimatoppmøte (UK). Møtet var ein del av LNU si Nord/Sør-informasjonskampanje om klimaendringane og sette fokus på klimaendringane i eit Nord/Sør-perspektiv, klimaforhandlingane og ungdom sin rett til å ta del og bli høyrte i spørsmål om vedkjem dei. Fleire av innleiarane var ungdom frå Sør, inkludert Bangladesh, Fillippinene, Sri Lanka og India. Før møtet hadde ungdomsorganisasjonar frå Kenya, Sør-Afrika, Colombia og Bangladesh laga korte filmar om korleis klimaendringane påverkar dei og korleis dei arbeidde med problematikken. Evalueringa i etterkant av UK viste at deltakarane fekk stort læringsutbytte av seminara til deltakarane frå Sør. Ungdom både frå Nord og Sør tok med seg innspel frå partnarar inn i sine påverknadskanalar på klimatoppmøtet i København.⁵⁶

54 Mailveksling mellom Karianne Isaksen (YOUNGO) og Avdeling for Næringsutvikling og Miljø i Norad ved fungerande avdelingsdirektør Hans Henrik Thaulow og rådgjevar Nina Mossøby, 26.07 – 13.08.2010.

55 Intervju med Markus Nilson, Changemaker, 15.06.2010.

56 LNU, LNU's Norad-rapport 2009, rammøavtalen GLO-07/60, Vedlegg 3. Rapport om Ungdommens klimatoppmøte.



YOUNGO

YOUNGO⁵⁷ er ungdomen si rådgjevande gruppe under dei internasjonale klimaforhandlingane. Meir enn 1500 unge frå over 130 land deltok som ein del av YOUNGO på klimatoppmøtet i København i 2009 (COP15).⁵⁸

Det har tidlegare vore svært lite deltaking frå unge i Sør i samband med dei internasjonale klimaforhandlingane. Dette endra seg altså på COP15. Nederland gav då tilskot til finansiering av reise og opphald for 50 unge sivilsamfunnsrepresentantar frå Sør. I tillegg klarte ungdomsorganisasjonar i Sør og Nord å skaffe midlar til å finansiere deltaking frå fleire hundre unge frå Sør. Dei som fekk reise vart i stor grad valt ut gjennom ein prosess som skulle vere mest muleg demokratisk og representativ. Sjølv om ungdomsdeltakinga framleis var dominert av unge frå Nord, var København eit stort steg i rett retning. Medan det i 2008 deltok fire unge frå Afrika, steig talet til over 40 i 2009.⁵⁹

Ung Sør-deltaking på slike internasjonale møte er svært viktig, noko det verkjar som om ein i YOUNGO har ei bevisst haldning til.⁶⁰ I tillegg til at dette gir mulegheit til å påverke på sjøve møtet, er det òg ei form for kapasitetsbygging og fører gjerne til auka engasjement i etterkant. Fleire av dei unge deltakarane frå Sør har i etterkant av København starta nye organisasjonar og rørsler.⁶¹ Det er òg auka Sør-deltaking på internasjonale mailinglister som fungerer som viktige diskusjonsfora for unge som er engasjerte i klimasaka.⁶² No er det sjølvsagt slik at auka medvit internasjonalt rundt klimaprobløma kanskje likevel hadde ført til auka engasjement. Men nettverksbygging og kompetanse har nok spelt ei nøkkelrolle for å gjere engasjementet om til konkrete handlingar.

Eit viktig element ved YOUNGO er at ein har klart å oppnå formell status som «constituency» på klimatoppmøta. Dette innøber at unge vert sett på som ei legitim «stakeholder group» med rett til å bli høyrd.⁶³ YOUNGO driv òg kapasitetsbygging, og organiserer regionale møte før toppmøta.⁶⁴

I København finansierte Nederland også nokre stillingar og utgifter knytt til ein konferanse for ungdom. Ein slik konferanse har blitt arrangert rundt fem gongar tidlegare, før dei årlege klimakonferansane. Finansieringa frå Nederland i 2009 styrka både ungdomskonferansen og ungdomsdeltakinga under sjøve klimakonferansen.

57 Sjå <http://youthclimate.org/> for meir informasjon om YOUNGO.
58 YOUNGO (2009), Youth @ COP15: United Nations Climate Negotiations, Copenhagen December 2009, side 7.

59 Ibid., side 11

60 Ibid., side 11. Intervju med deltakarar frå Changemaker, Spire og African Youth Initiative on Climate Change.

61 YOUNGO (2009), Youth @ COP15: United Nations Climate Negotiations, Copenhagen December 2009.

62 Intervju med Johanne Houge og Lan Marie Berg, Spire, 18.6.2010.

63 YOUNGO (2009), Youth @ COP15: United Nations Climate Negotiations, Copenhagen December 2009, side 6.

64 Ibid., side 10.



6. Korleis kan det gjerast?

For å styrke barn og unge si deltaking i norsk utviklingspolitikk, må alle dei tre kanalane, internasjonale fora, bistandsprosjekt og norsk sivilsamfunn, nyttast. Denne delen av rapporten vil gje forslag til korleis deltakinga kan styrkast på alle desse områda, før rapporten munnar ut i konkrete anbefalingar til norske styresmakter og organisasjonar frå LNU.

6.1 Ungdomsdeltaking i internasjonale fora

Internasjonale fora er viktige for utforminga av både internasjonal og norsk utviklingspolitikk. Det er dermed essensielt at barn og unge i Sør får tilgang til, og blir høyrte i, desse fora. Norske aktørar kan hjelpe til med dette på fleire måtar.

For det første bør ein medverka til ei styrking av dei internasjonale ungdomsnettverka, som til dømes YOUNGO innanfor klima. Det er naturlegvis dei unge sjølve som må definere korleis dette skal skje, men norske styresmakter kan til dømes hjelpe til med finansiering. Den nederlandske støtta var heilt avgjerande både for at mange engasjerte unge frå Sør fekk mulegheit til å delta i København og for at YOUNGO vart vidare styrka. Sjølv om dei internasjonale ungdomsnettverka ikkje kan seiast å vere representative for unge verken i Sør eller i Nord, er dei nok det beste alternativet som fins. I YOUNGO verkar det iallfall som om ein har ei svært bevisst haldning til behovet for ei sterk Sør-deltaking og opne prosessar når ein til dømes skal fordele reisestøtte.⁶⁵ Ved støtte til slike nettverk bør det altså leggjast sterke føringar for å forbetre representativitet og utvikle betre demokratiske strukturar.

Det er ei utfordring å sikre "sør-stemmene" inn i dei internasjonale nettverka. Kombinasjonen av teknologi og andre ressursar, som tid, kan gjere det vanskeleg for Sør-deltakarane å hengje med. Dette blir kanskje spesielt synleg innanfor område

som er kompliserte og tekniske. Klimadebatten er eit godt døme på behovet for spesialkompetanse som blir bygd opp over tid. Manglande finansiering av Sør-organisasjonar kan føre til lite kontinuitet, gjennom at unge aktivistar ikkje har råd til å jobbe som frivillige om ein betalt jobb dukkar opp. I tillegg fører kompliserte og stadig nye tema til eit auka behov for fulltidstilsette som kan spesialisere seg på kvar sine felt. Og unge i Nord brukar i dag teknologi som gjerne er for dyr for aktivistar i Sør. På klimatoppmøtet i København var ein til dømes avhengig av tilgang på ei berbar datamaskin for å halde seg oppdatert på når og kvar dei ulike YOUNGO-møta skulle vere.⁶⁶ Desse og liknande utfordringar bør dei norske organisasjonane som deltek vere seg bevisste, og hjelpe til med å finne gode løysingar på.

For det andre bør norske styresmakter jobbe for betre tilgang for sivilsamfunn generelt i internasjonale fora. Norge er mellom dei landa som er flinkast til å inkludere sivilsamfunn, men kan styrke innsatsen for at sivilsamfunn skal sjåast på som ein ressurs som bør bli høyrte også internasjonalt.

For det tredje bør norske styresmakter sjølve gå føre som eit godt døme. Dette kan dei gjere både gjennom å i enda sterkare grad enn i dag inkludere norske barn og unge, og gjennom å lytte til og leggje til rette for ungdomsnettverka internasjonalt. Under førstnemnte er ordninga med ungdomsdelegatar, som er del av dei norske delegasjonane, eit sentralt element. I samband med klimatoppmøtet i Cancún har det til dømes tatt lang tid å få avklart at det skal vere med ein ungdomsdelegat. Dette svekkar den reelle påverknaden til unge sidan ein stor del av avgjerdene vert

65 YOUNGO (2009), Youth @ COP15: United Nations Climate Negotiations, Copenhagen December 2009. Intervju med norske deltakarar.

66 Intervju med George Auka, African Youth Initiative on Climate Change, og Stephen Mwakosi, Kenya Young Greens, 24.6.2010.



tekne før sjølve møtet.⁶⁷ Generelt bør ordninga med ungdomsdelegatar utvidast og styrkast, gjerne gjennom permanente ordningar for enkelte organisasjonar og fora som spesielt arbeider med saker som gjeld barn og unge. Ein god start ville vere å få på plass ein fast ungdomsdelegat i klimaforhandlingane, som fekk delta på lik linje med andre representantar.

6.2 Barn og unge i Sør si deltaking i bistandsprosjekt

Sidan "Tre milliarder grunner – norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør" (BUS) ikkje har blitt følgd opp av den raudgrøne regjeringa, fins det ikkje noko dokument som legg føringar for ei heilskapleg tilnærming til barn og unge innanfor norsk bistand. LNU har etterlyst ei stortingsmelding om barn og unge i utviklingspolitikken, men fått til svar at UD heller vil at barn og unge skal vere eit integrert element i stortingsmeldingar på det utanrikspolitiske området.⁶⁸ LNU har også etterlyst eit spesielt fokus på barn og unge i mandatet til ny stortingsmelding om miljø og utvikling. Som vi har sett i kapittel 4.2, er ikkje det gjennomført. I brevet som inviterte frivillige organisasjonar til å gje innspel til meldinga, blei det sagt at kvinne- og likestillingsspørsmål skulle integrerast i dei tematiske områda i stortingsmeldinga, men barn og unge blei ikkje nemnt.⁶⁹

Som nemnt i 4.2 står det heller ikkje noko konkret i regjeringa sine retningslinjer for sivilsamfunnsstøtte om at målgruppene bør delta i planlegging og implementering av bistandsprosjekt. Norad og svenske SIDA har nyleg satt i gong ei fellesevaluering av norsk og svensk innsats for barn sine rettar i utviklingssamarbeidet, som skal ta føre seg perioden 2001 fram til i dag.⁷⁰ Denne evalueringa vil vonleg vere eit godt grunnlag for å styrke barn og unge i Sør som aktørar i norske bistandsprosjekt.

Eit viktig tiltak for å styrke barn og unge i Sør sin påverknad på norsk og internasjonal utviklingspolitikk, vil vere å auke den økonomiske støtta til barne- og ungdomsorganisasjonar i Sør. Dette

kan ein gjere gjennom ulike kanalar. Ein konkret og god moglegheit er å støtte HIV Young Leaders Fund (sjå kap 4) og jobbe for å opprette liknande fond på andre område. Når det gjeld bistand kanalisert gjennom sivilsamfunn er Norad oppteken av det som vert kalla naturleg partnerskap, altså samarbeid mellom organisasjonar som har mykje til felles. Dette kan vere positivt for norske barne- og ungdomsorganisasjonar som ønskjer å styrke samarbeidet med liknande organisasjonar i Sør. Direkte støtte til barn og unges eigne organisasjonar vil vere eit døme på det sjuande steget i Robert Hart sin deltakingstige (sjå illustrasjon), der barn og unge sjølve tek initiativ og leiar. Medan prosjekt der vaksne arbeider med barn og unge sine eigne organisasjonar, til dømes der kor ungdomsorganisasjonar blir tatt direkte med i utforming av politikk, vil vere eit døme på det øvste steget på stigen.

Det vil likevel ikkje vere nok å finansiere spesifikke prosjekt av denne typen. Ein må òg inkludere barne- og ungdomsperspektivet i resten av bistanden. I BUS-strategien vart det mellom anna lansert ei sjekklister for å kunne vurdere i kor stor grad barn og ungdom sine interesser vert ivaretekne i norsk utviklingssamarbeid. Punkt 9 i sjekklister omhandlar planlegging og gjennomføring av bistandsprosjekt; *"Har barn som påvirkas av aktiviteten hatt mulighet til fritt å uttrykke sitt syn og sine meninger, og har deres syn blitt tatt rimelig hensyn til i planleggingen og gjennomføringen av aktiviteten (jfr. BKS artikkel 12 og 13)?"*⁷¹ Eit slikt sjekkpunkt er ein god start for alle relevante bistandsprosjekt. Men ideelt sett bør organisasjo-

67 Intervju med internasjonal konsulont i LNU Kariannø Børgsøt Austnø

68 Utanriksdepartementet, "Barn og unge i utanriks- og utviklingspolitikk", brev til LNU 17.3.2010.

69 Brev frå Utanriksdepartementet til mellom anna LNU, "Ny stortingsmelding om miljø og utvikling – invitasjon til møte med miljø- og utviklingsminister Erik Solheim", 2.9.2010.

70 Utanriksdepartementet, "Barn og unge i utanriks- og utviklingspolitikk", brev til LNU 17.3.2010. Sjå også Norad: <http://www.norad.no/Evaluering/Nyhetsarkiv+evaluering/Sida+har+lagt+ut+følgende+evaluering+på+anbud:+Bistand+til+barns+røttigheter.151716.cms>

71 Utanriksdepartementet (2005), Tre milliarder grunner: Norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør, s 58, sjå også s 17 og 53.



Hart sin deltakingsstige

Denne stigen⁷², som er utvikla av Robert Hart, syner ulike grader av barn og unges deltaking i politiske prosesser og andre saker som vedkjem dei. Dei tre nedste trinna illustrerer ikkje-deltaking eller autoritære måtar å ta avgjerder på. Dei fem øvste trinna er ein god illustrasjon på ulike gradar av deltaking og involvering, og er ei god rettesnor for å sjekke i kva grad ein faktisk har klart å inkludere barn og unge.

nane gå enda lengre i å involvere ungdom også i avgjerder før prosjekta startar, og dermed flytte seg frå punkt 5 og 6 på deltakingsstigen og sakte oppover mot punkt 7 og 8. Boksen på neste side skildrar nokre døme på korleis norske organisasjonar allereie arbeider med å inkludere barn og unge. Vi ser likevel at desse oftast reflekterer punkt 4, 5 og 6 på stigen, og at ein framleis har ein del å gå på i forhold til å inkludere barn og unge tilsvarande dei øvste punkta i stigen. I praksis vil det for bistandsorganisasjonar seie å gå frå å sjå på barn og unge som ei målgruppe, vidare til å inkludere deira eigne synspunkt når viktige avgjerder skal takast, og til slutt ta dei med på avgjerder i alle prosjekt som gjeld dei. Som ein ser

av dømet frå Kirkens Nødhjelp er det ikkje berre i prosjekt der ungdom er ei direkte målgruppe at deltaking er viktig, og dette syner at fredsspørsmål og andre meir overordna tema også vedkjem barn og unge.

Vi ser altså at sjølv om den sittande regjeringa ikkje har eit tydeleg fokus på barn og unge, har likevel mange norske bistandsorganisasjonar allereie eit fokus på ungdom si deltaking og arbeider aktivt med dette. Det er gitt mange dømer på det-

⁷² Utvikla av Hart, Robert (1992) Children's Participation: from Tokenism to Citizenship. for UNICEF Innocenti Essays, No. 4, UNICEF/International Child Development Centre, Florence, Italy, s 68.



OD-leiar Arne Andreas intervjuar 13 år gamle Chompa under skrivesamarbeidsturen til Bangladesh i 2008. Foto: Operasjon Dagsverk.

te i denne rapporten. Ein faktor som kan ha vore med på å styrke arbeidet med ungdoms deltaking i norsk bistand, er organisasjonar som har fått støtte frå Operasjon Dagsverk (OD), skuleelevene sin eigen solidaritetsaksjon. OD har ei tett oppfølging av sine partnerar, som går mykje lengre enn Norad og UD i krav til ungdom si deltaking. Til dømes blir organisasjonar som mottok OD-midlar bedne om å vise korleis ungdom har vore inkludert i avgjerder og utforming av prosjekta.⁷³

Etter kvart har dei aller fleste store bistandsaktørane fått støtte frå OD, og fleire har gitt tilbakemelding på at dette har ført til eit auka fokus på inkludering av ungdom som aktørar så vel som mottakarar eller målgruppe for bistanden. Til dø-

mes har Utviklingsfondet i Mellom-Amerika eit program som implementerast i tre land. Dei understrekar at deltaking frå partnerar alltid har vore viktig i arbeidet deira, men at OD-støtta har ført til at dei har arbeid aktivt med ungdom si deltaking. Mellom anna deltek ungdom i styringskomitear for prosjekta på lokalt, nasjonalt og regionalt plan. For å skape reell ungdomsdeltaking, har det vore viktig å arbeide med kompetansebygging av ungdom over tid. Spesielt gjeld dette ungdom på landsbygda, som ofte har lite erfaring med organisasjonsliv og avgjerdstakingsprosessar. Vidare meiner dei at reell ungdomsdeltaking ikkje berre handlar om deltaking i planlegginga, men også i

⁷³ ODs mål for årsrapportering, intervju med Ingrid Iversen.



Gode dømer frå Kirkens Nødhjelp og Redd Barna

Ein del av dei norske bistandsorganisasjonane har ei bevisst haldning til å inkludere barn og unge som aktørar i sitt arbeid. Ungdom er til dømes sterkt inkludert i Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Tanzania. Eit døme på dette er prosjektet Fredskaravane, som består av ei gruppe ungdomar som reiser på informasjonsturné rundt omkring i landet. Målet med prosjektet er å gjere ungdom i stand til å identifisere problem i lokalmiljøet knytt til rettar og rettferd, og til å ta tak i problema og skape positiv endring.⁷⁴

Redd Barna har over lengre tid evaluert arbeidet med barn si deltaking i område som er, eller nyleg har vore, prega av valdeleg konflikt. Den klare tilbakemeldinga frå barn og unge er at dei ønskjer å delta aktivt i samfunnet dei er ein del av. Redd Barna følgjer dette opp mellom anna gjennom å arrangere verkstadar for barn og unge om deira deltaking i fredsprosessar.⁷⁵

Også innanfor klimabistanden er det viktig å inkludere barn og unge som aktørar. I følgje Redd Barna er det å involvere barn aktivt den mest effektive måten å sikre at dei er førebudde og i stand til å tilpasse seg klimaendringar og naturkatastrofar. I Vietnam deltek til dømes barn aktivt i organisasjonen sitt program for katastrofeførebygging. Gjennom barneklubbar på skulane lærer barn korleis dei kan redusere risiko knytt til flaum.⁷⁶

gjennomføring og evaluering av aktivitetar, og i budsjettstyring. Viss ikkje risikerar ein at deltakinga blir meir symbolsk⁷⁷ enn reell. Med tålmod og investering i kompetansebygging over tid, har Utviklingsfondet oppnådd svært gode resultat med omsyn til ungdom si deltaking.⁷⁸ Dette er soleis eit godt døme på det øvste steget i deltakingsstigen, noko som har blitt gjort mogleg gjennom OD-støtta. Dette synleggjer også at ein må tilpasse arbeid med ungdom si deltaking til grupper med ulik sosial og økonomisk bakgrunn.

For Redd Barna i Nepal, har samarbeidet med OD ført til at dei i OD-prosjekta har endra alderssammansetninga i målgruppa frå tradisjonelt å inkludere yngre barn, til no å også inkludere ungdom, og ein har auka deira deltaking i avgjerder. I Nepal har det vore spesielt viktig sidan ungdom frå 18-25 år utgjer ein av dei mest marginaliserte gruppene i samfunnet økonomisk og politisk.⁷⁹

OD er med dette eit godt døme på at ungdommen sitt eige utviklingsengasjement har ført med

seg eit auka fokus på ungdom sin rett til deltaking også i utviklingsbistanden, og at det over tid har ført til auka ungdomsfokus og –deltaking. OD er likevel eit spesielt døme på grunn av omfanget av midlar dei har til eige bistandsarbeid. I neste kapittel vil vi sjå nærare på korleis barne- og ungdomsorganisasjonar arbeider med informasjon og påverking saman med sine Sør-partnarar.

74 Kirkens Nødhjelp, Rapp for fred – på tvers av tro, [15.10.2010] <http://www.kirkensnodhjelp.no/no/Engasjer-dag/gjor-en-forskjell/monigheten/Fra-ord-til-handling/Hva-skjer/Rapper-for-fred/>

75 Redd Barna, Barn som fredsagentar, [15.10.2010] http://www.reddbarna.no/default.asp?V_ITEM_ID=25836

76 Redd Barna, Et svik mot barn i København [15.10.2010] http://www.reddbarna.no/default.asp?V_ITEM_ID=24185

77 Ref. Trinn 3, 4 og 5 i Hart sin stige.

78 Intervju med Elin Ranum, programkoordinator i Utviklingsfondet.

79 Mailveksling med Pøtar Wood, regional koordinator i Redd Barna.



SAIH

SAIH brukar partnarar og nettverk i Sør sentralt i utviklinga av sine politiske mål og kampanjar. Då organisasjonen i 2009 planla ein kampanje på rettane til lesbiske, homofile, bifile og transseksuelle (LHBT) i det sørlege Afrika, hadde ein møter med interesseorganisasjonar for desse gruppene i Sør-Afrika, Zimbabwe og Zambia. Den informasjonen ein fekk på desse møta var sentral som bakgrunnsmateriale og var med på å definere hovudfokus og strategi for kampanjen.

Heilt konkret trudde SAIH i byrjinga at internasjonalt press ville vere bra for rettane til LHBT. Organisasjonar i nokre land som ein snakka med, spesielt dei frå Zambia, meinte tvert imot at det ville vere kontraproduktivt med internasjonalt press på det stadiet dei er på no. Dei ville heller ha stille diplomati, og SAIH utforma då kampanjen med dette som startpunkt. I staden for å utforme krav til ministrar i enkelte land, nytta heller SAIH nettverk knytt til utdanningssektoren til å ta opp temaet med studentorganisasjonar og universitet. SAIH gjøkk altså for ein meir langsiktig strategi som også inkluderar å jobbe med haldningar i Norge.⁸⁰

Skeive ungdommer blir diskriminert over hele verden. De blir mobbet og utsatt for vold, holdt utenfor universiteter og kastet ut av skoler. Dette er ikke ok. Signer vårt mot seksuell apartheid

enes og Akademikernes
nasjonale Hjelpetfond



6.3. Norske barne- og ungdomsorganisasjonar si rolle

Norske barne- og ungdomsorganisasjonar med solidaritetsfokus bør bli betre på å inkludere synspunkt frå barn og unge i Sør både i generell politikkutforming og i konkrete kampanjar. Dei norske organisasjonane må sjølvsagt gjere opp sine eigne meiningar, men det bør vere ein viktig del av prosessen å diskutere sentrale tema med ulike partnarar i Sør.

Ein måte å legge til rette for meningsutveksling med barn og unge i Sør på, er gjennom langsiktige partnaraskap. Desse treng ikkje vere så veldig formaliserte, men dess mindre formaliserte dei er dess større fare er det for at dei blir veldig personnavhengige. Eit godt partnaraskap går gjerne over lengre tid. Det er viktig å byggje opp partnaraskap der det er rom for kritisk meiningutveksling. Klarer ein dette, vil det ikkje nødvendigvis vere eit problem å involvere pengar i samarbeidet. Graden av kompetanse på korleis ein kan byggje gode partnaraskap og bruke desse i politikk- og informasjonsarbeid, varierer frå organisasjon til organisasjon. Det kan vere ein idé å få til eit betre samarbeid mellom dei fire organisasjonane vi har sett på i denne rapporten, der ein gjerne også inkluderer andre som til dømes organisasjonar for unge med minoritetsbakgrunn. RORG-nettverket⁸¹ kan òg hjelpe til med kompetanse og idéutveksling på temaet.

I tillegg til formaliserte samarbeid, brukar organisasjonane òg meir uformelle nettverk. Ein fordel med dette er at det då er enklare å få inn fleire ulike synspunkt. Internasjonale nettverk er sentralt her. Sjå kapittel 5.1.

Organisasjonane bør inkludere synspunkt frå Sør i politikkutforminga. I dag blir dette gjort i varierende grad og på ulike måtar. Omsetjing av viktige dokument er sentralt som bakgrunnsmateriale, men det er meir sannsynleg å få tilbakemelding på nokre få konkrete spørsmål enn om ein sender utkast av eit heilt dokument til høyring. Det ein bør om tilbakemelding på bør sjåast som relevant

også for Sør-partnaren, og i tillegg må ein ta omsyn til kapasiteten både i Norge og i Sør.

Barne- og ungdomsorganisasjonar i Sør kan òg vere aktive i det konkrete informasjons- og påverknadsarbeidet til norske organisasjonar. Dette føreset at temaet er relevant og at partnarane i Sør har kapasitet til å gje innspel. Spire har til dømes fått partnarar til å skrive artiklar til nettsidene.⁸² På konkrete saker kan den norske organisasjonen leggje til rette for at Sør-partnaren direkte kan formidle sitt syn. SAIH og Sosialistisk ungdom har i samband med ei frihandelsavtale mellom Norge og Colombia arrangert fleire møte mellom den colombianske studentorganisasjonen ACEU og norske politikarar.

Eit anna døme er kampanjearbeidet til OD. OD har i ei årrekke vore ein sentral aktør når det gjeld å fremje ungdoms deltaking i utviklingsarbeidet, som tidlegare nemnt i 6.2. Kampanjearbeidet har på si side tradisjonelt vore planlagt i Norge. Dei siste åra har det likevel skjedd ei endring. OD har endra praksisen radikalt når det gjeld å få innspel frå Sør-partnarar, også i utforminga av informasjonskampanjane som vert arrangerte før OD-dagen. Det skjer gjennom det såkalla "skrive-samarbeidet". No er det vanleg praksis for kvar OD-kampanje å gjere ei reise tidleg i prosessen med utforming av fokus, slagord og materiell, kor ungdom som er involverte i dei prosjekta som får støtte får vere med og seie si meining om meiningssinnhaldet og politikken i kampanja. Ungdom frå sør-partnarane gjev innspel på kva som bør vere fokus, og skriv eigne artiklar til avisa og anna materiell. Slik får ungdom i Sør ei direkte stemme inn i korleis deira røynd og utfordringar vert presenterte for norsk skuleungdom. Dette har over tid vore med på å endre haldningar også

80 Intervju med Runar Myrnæs Balto og Sindre Edland-Gryt, SAIH, 24.06.2010.

81 RORG-samarbeidet (RORG står for RammøavtaleORGanisasjonar) er eit samarbeid mellom norske, frivillige organisasjonar som gjennom rammøavtaler med Norad mottok offentleg støtte til å drive opplysningsarbeid i Norge om nord/sør- og utviklingsspørsmål.

82 Sjå mellom anna http://utviklingsfondet.no/Utviklingsfondet_forsiden/Spire/Information_in_English/Archive_Articles_and_activities/My+time++at+Spire+Youth+Organisation.b7C_wtvM1m.ips



blant OD-aktivistar om viktigheita av å kvalitets-sikre det ein formidlar i Norge opp mot kva opp-fatningar ungdom i prosjektlanda sjøve har om tema.⁸³

Dersom dei norske barne- og ungdomsorganisa-sjonane skal medverke positivt til å styrke barn og unge i Sør sine perspektiv i norsk utviklings-politikk, er det naturlegvis ein føresetnad at dei

norske organisasjonane har ein plass der norsk utviklingspolitikk vert forma og at dei vert lytta til i dei viktige prosessane. Norske styresmakter bør halde fram med å leggje til rette for dette I tillegg til å auke den økonomiske støtta til samarbeidet organisasjonane har med Sør, bør Noreg også støtte opp om arbeid for å få på plass nye type ungdomsstrukturar internasjonalt, slik YOUNGO er eit døme på.

83 Mailvoksling med Eirik Gran, tidlegare leiar av Operasjon Dags-værk.



Ungdom satte agendaen under Ungdommens klimatoppmøte i 2009. Foto: LNU



7. Anbefalingar frå LNU

På bakgrunn av rapporten, vil LNU kome med seks anbefalingar. Anbefalingane er forslag til nokre tiltak som kan betre og styrke og unge si deltaking. Dei vil på den eine sida peike på område der Norge kan spale ein rolle ved å "eksportere" gode metodar for deltaking. På den andre sida vil dei peike på område der Norge har lengre å gå, og sei noko om korleis vi kan betre forholda for barn og unge si deltaking. Anbefalingane er hovudsakelig stila til norske styresmakter, men også til norske NGOar og barne- og ungdomsorganisasjonar.

LNU meiner at anbefalingane formar eit godt utgangspunkt for ein debatt om barn og unge si

deltaking i norsk utviklingspolitikk. LNU ser at det er politiske prioriteringar som fyrst og fremst skal til for å sikre barn og unge si deltaking i utviklingspolitiske spørsmål. Det er difor avgjerande at norske styresmakter tørr å satse på nye strukturar som sikrar at barn og unge får delta i internasjonale fora. LNU, saman med våre medlemsorganisasjonane og deira partnerar i Sør, vil framover gjerne ta del i ein diskusjon med norske styresmakter der ein saman kan kome fram til fleire og betre tiltak for å styrke barn og unge si deltaking.

Barn og unge si deltaking i utviklingspolitikken må vere meir enn fine ord.

Kanal 1: Internasjonale organisasjonar og strukturar

LNU meiner ein må styrke eksisterande ordningar som fungerer godt, og støtte opp om nye initiativ frå ungdom sjølv. Dei beste måtane å gjøre det på vil vere å styrke ungdomsdelegatordninga og støtte nye internasjonale ungdomsnettverk.

1) Ungdomsdelegatordninga

Norske styresmakter må betre høve ungdom har til deltaking i internasjonale FN-møte ved å styrke den norske ungdomsdelegatordninga, gjerne gjennom permanente ordningar for enkelte organisasjonar og fora som arbeider spesielt med saker som gjeld barn og unge. Til dømes ein fast ungdomsdelegat i klimaforhandlingane.

2) Sør-representasjon i politiske prosessar internasjonalt

Norske styresmakter må sikre at ungdom frå Sør får delta i relevante avgjerdsprosessar internasjonalt, ved å finansiere internasjonale ungdomsnettverk og –fond, og ved å auke finansieringa av barne- og ungdomsorganisasjonar i Sør, inkludert norske barne- og ungdomsorganisasjonar sitt samarbeid med Sør.



Kanal 2: Barn og unge i bistandsarbeidet

LNU meiner at det å styrke barn og unge si rolle i bistandsarbeidet ikkje er i konkurranse med norske styresmakter sine mål om å støtte andre grupper, som arbeidet med kvinner i bistanden. Det vil tvert imot vere med å styrke deltakinga til grupper som ofte er ekskluderte frå politiske prosessar og andre avgjerder som gjeld deira liv.

3) Barn og unge si deltaking i utviklingspolitikken

Norske styresmakter må sikre at barn og unge får delta i utviklingspolitikken ved å gjennomføre ei "mainstreaming" av barn og unge si deltaking som eit tverrgående fokus i utviklingspolitikken og bistanden, på same måte som det er gjort med kvinner.

4) Barn og unge si deltaking i bistandsprosjekt

Norske styresmakter og norske bistandsorganisasjonar må sikre at barn og unge deltek og er aktørar i bistandsprosjekt som vedkjem dei, ved å innføre sjekkpunkt om barn og unges deltaking i alle prosjekt som er relevante for barn og unge. Desse sjekkpunkta bør nyttast ved både planlegging, gjennomføring og avslutting av prosjekt.

5) Norske ambassarar og bistandsarbeidet

Norske styresmakter må styrke barn og unge si deltaking i bistandsarbeidet ved å kartleggje og styrke kompetanse i Utanriksdepartementet og Norad på barn og unge som endringsaktørar. I forlenginga av dette bør ambassadane kartleggje initiativ til deltaking frå ungdom sjølve, og støtte desse der dei finst.

Kanal 3: Norsk sivilsamfunn

Fleire norske NGOar har kompetanse og erfaring med å inkludere deira partnerar i politiske prosessar og avgjerder som gjeld talsmanns- og informasjonsarbeid i Norge. Dette arbeidet må styrkast, og andre NGOar må oppfordrast til det same.

6) Norske barne- og ungdomsorganisasjonar sitt ansvar

Norske barne- og ungdomsorganisasjonar som jobbar med Nord/Sør-tema må styrke inkluderinga av synspunkt frå ungdom i Sør i politikktutforming og informasjonsarbeid, gjennom prosessar der Sør-partnarar blir høyrte både i utforming av politikkområde og konkrete kampanjar.

Norske styresmakter må på si side oppfordre til at norske organisasjonar arbeider aktivt for å inkludere synspunkt frå deira Sør-partnarar i sitt informasjons- og påverkingsarbeid, og dette bør også reflekterast i løyvingane.



Litteraturliste

- Changemaker, Organisasjoner skyves vekk fra klimatoppmøtet, [21.10.2010] <http://www.changemaker.no/Aktuelt/Nyhetsliste/Organisasjoner-skyves-vekk-fra-klimatoppmøtet/>
- Council of Europe (2008), Manual on the Revised European Charter on the Participation of Young People in Local and Regional Life. Strasbourg: Council of Europe Publishing.
- FN, Komiteen for barnets rettigheter, Komiteens femtiredde sesjon 11.-29.januar 2010, Vurdering av rapportene som partene har lagt fram i henhold til konvensjonens artikkel 44. Avsluttende merknader: Norge.
- Hart, Robert (1992) Children's Participation: from Tokenism to Citizenship. for UNICEF Innocenti Essays, No. 4, UNICEF/International Child Development Centre, Florence, Italy.
- HIV Young Leaders Fund, HIV Young Leaders Fund to Launch in 2010: A new partnership between youth networks and donors. Pressemelding 18.12.2009, <http://www.hivyoungleadersfund.org/wp-content/uploads/2010/03/HIVYoungLeadersFundPressRelease.pdf>
- HIV Young Leaders Fund, 2010 Grantees. [15.10.2010] <http://www.hivyoungleadersfund.org/2010/07/2010-grantees/>
- Høstmølingen, Njål, Elin Saga Kjærholt og Kristen Sandberg (red.) (2008), Barnekonvensjonen: barns rettigheter i Norge. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kirkens Nødhjelp, Rapp for fred – på tvers av tro, [15.10.2010] <http://www.kirkensnodhjelp.no/no/Engasjer-deg/gjor-en-forskjell/menigheten/Fra-ord-til-handling/Hva-skjer/Rapper-for-fred/>
- LNU, LNU's Norad-rapport 2009, rammeavtalen GLO-07/60, Vedlegg 3. Rapport om Ungdommens klimatoppmøte. Oslo 22.1.2010.
- LNU, Innspill til stortingsmelding om miljø og utvikling, brev til Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim, 14.09.2010.
- Magnus, Gunnar (2010), "Vil beholde barneambassadør", Aftenposten 24.01.2010, s. 4.
- Ministry of Foreign Affairs Danida, Children and Young People in Danish Development Cooperation: Guidelines.
- Norad (2009), Prinsipper for Norads støtte til sivil samfunn i Sør.
- Norad (2007), Eget ungdomsråd på aids, [21.10.2010] <http://www.norad.no/Om+Norad/Nyhetsarkiv/Nyhetside?key=109067>
- Norad, Folkeopplysning for en ny tid: Retningslinjer for Norads støtte til frivillige organisasjoners opplysningsarbeid. Gjeldende fra 2011.
- Operasjon Dagsverk, Mal for årsrapportering, tilgjengelig fra Operasjon Dagsverk.
- Politisk plattform for flertallsregjeringen 2009-2013.
- Prop. 1 S 2010-2011, Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak), For budsjettåret 2011.
- Prop. 1 S (2009-2010), Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak), For budsjettåret 2010.
- Redd Barna, Et svik mot barn i København [15.10.2010] http://www.reddbarna.no/default.asp?V_ITEM_ID=24185
- Redd Barna, Barn som fredsagenter, [15.10.2010] http://www.reddbarna.no/default.asp?V_ITEM_ID=25836
- SAIH, SAIHs informasjonsstrategi 2007-2010. http://www.saih.no/Om_SAIH/index.html
- Save the Children UK (2007), Legacy of disasters: The impact of climate change on children, London: Save the Children UK.
- Spire og NfyD (2009), "Youth exchange, Spire and Network for Youth Development (NfyD)", Søknad oversendt LNU 15.11.2009
- Stortingsmelding 13 (2008-2009), Klima, konflikt og kapital. Norsk utviklingspolitikk i et endret handlingsrom.
- The Global Fund to Fight AIDS, Tuberculosis and Malaria, Twentieth Board Meeting Addis Ababa, Ethiopia 9-11 November, Decision Point GF/B20/DP32 "Youth Leadership".
- Tides Foundation, HIV Young Leaders Fund: 2010 Request for proposals. [15.10.2010]



<http://www.tidesfoundation.org/grants-impact/open-rfps/hiv-young-leaders-fund/index.html>

- United Nations (2007), World Youth Report 2007 : Chapter 8: Ensuring Youth development around the world: the way forward, side 245. http://www.un.org/esa/socdev/unyin/documents/wyr07_chapter_8.pdf
- Urdal, Henrik (2004) The Devil in the Demographics: The Effect of Youth Bulges on Domestic Armed Conflict, 1950-2000, Social Development Papers/ Conflict Prevention and Reconstruction. Washington DC: The World Bank
- Utanriksdepartementet (2005), Tre milliarder grunner: Norsk utviklingsstrategi for barn og ungdom i sør.
- Utanriksdepartementet, "Barn og unge i utenriks- og utviklingspolitikken", brev til LNU 17.3.2010.
- Utanriksdepartementet, "Ny stortingsmelding om miljø og utvikling – invitasjon til møte med utviklingsminister Erik Solheim", brev til LNU m.f. 2.9.2010.
- Utanriksdepartementet, Tildelingskriv for 2010 for ambassadene i Tanzania, Nicaragua, Malawi, Sudan og Afghanistan.
- Utanrikskomiteen, Inst. S. Nr 269 (2008-2009) Innstilling fra utenrikskomiteen om klima, konflikt og kapital. Norsk utviklingspolitikk i et endret handlingsrom.
- VG Nett (2009), Mer enn 1000 slapp ikke inn på klimatoppmøtet, [21.10.2010] <http://www.vg.no/nyheter/utenriks/klimatrusselen/artikkel.php?artid=599197>


Intervju

- David Hansen, tidlegare politisk rådgjevar, 08.06.10
- Ragnhild Nordvik, dagleg leiar SAIH, 08.06.10
- Eivind Vad Petersson, aspirant UD, tidlegare nestleiar i LNU, 09.06.10
- Markus Nilsen, påtroppande leiar i Changemaker, 15.06.10
- Johanne Houge, tidlegare leiar, og Lan Marie Berg, aktiv i klimagrupper, Spire, 18.06.10
- Kirsten Kvalø, leiar i PRESS, 22.06.10

- Malin Jacob, ungdomsdelegat til klimatoppmøtet i København og tidlegare nestleiar i Natur og Ungdom, 22.06.10
- George Auko, leiar i African Youth Initiative on Climate Change - Kenya og Stephen Mwakesi, leiar i Kenya Young Greens, 24.06.10
- Runar Myrnes Balto, leiar, og Sindre Edland-Gryt, informasjonsrådgjevar i SAIH, 24.06.10
- Monica Sydgård, Redd Barna, 23.09.10.
- Ingrid Iversen, prosjektkoordinator i Operasjon Dagsvark. 15.10.10.
- Elin Ranum, programkoordinator i Utviklingsfondet, 1.11.10.
- Tillette i LNU: Karianne Bergset Austnes, Kjersti Koffeld og Hanne Marte Furset.

Mailvekslingar

- Karianne Isaksen (YOUNGO) og Avdeling for Næringsutvikling og Miljø i Norad ved fungerande avdelingsdirektør Hans Henrik Thaulow og rådgjevar Nina Mosseby, 26.07 – 13.08.2010.
- Peter Wood, regional koordinator i Redd Barna, 29.10.-1.11.10
- Eirik Gran, tidlegare leiar av Operasjon Dagsverk, 20.10.-21.10.10.



Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU)
Øvre Slottsgate 2B
N-0157 Oslo
Telefon: (+47) 23 31 06 00
Fax: (+47) 23 31 06 01
E-post: lnu@lnu.no
www.lnu.no

